

## Strikkekafeen vart ein fulltreffar!

26.03.2009



Det kom over 30 og strikkekafeen vart ein fulltreffar. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Strikkekafeen til Uskedalen Utvikling i Gamleskolen torsdag kveld vart ein fulltreffar. Stutt tid etter opninga var meir enn 30 entusiastiske strikkarar på plass. Kristlaug Bjørke frå Porselensbuo Gåver og Hobby i Rosendal som stilte opp med garn, mønster og pinnar var lett bekymra: Hadde ho med seg nok garn til alle å strikka på? Heldigvis hadde ho det, nærmast klok av skade.**



[Anne Sofie Flygansvær og Bente Myhre lar pinnane gå. \(Foto: Ola Matti Mathisen\)](#)

Kristlaug har vore ein krumtapp i tre svært vellukka strikkekafear i Omvikkalden denne vinteren og måtte seia nei til ein fjerde då Jane Haaranes i Uskedalen Utvikling spurde om ho ville vera med på eit liknande opplegg i Uskedalen. Tidlegare har Husfliden hatt slike arrangement på Husnes.



Linda Tvedt med Noahs ark og anna ho har strikka. (Foto: Ola Matti Mathisen)

- Eg vil ikkje ta æra for anna enn at eg har formidla kontakt med Kristlaug, sa Jane, som er innflyttar i Uskedalen og nyvald styremedlem i UU. – Dette er ikkje min ide og det har også før vore snakka om å få til ein strikkekafe her i bygda. Når det viser seg å vera eit så vellukka tiltak, vil vi gjenta det seinare, lova Jane og let pinnane gå.



Kristlaug Bjørke selde mykje garn i Gamleskulen. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Den faste, uslitelege gjengen i tysdagskafeen var i aksjon også denne dagen. Dei to Beritane frå Døsland sørga for rikeleg servering, men Berit Harriet innrømte at ho hadde vore litt nølande: - Dette er noko nytt og eg venta litt før eg bar inn alle kakene frå bilen, sa ho, glad for den store oppslutnaden. Alle som kom var samstemte: Dette var eit flott tiltak, ikkje minst sosialt.

Dei frammøtte vart også svært imponert over ei heilt spesiell utstilling på "bakrommet". Linda Tvedt frå Herøysund hadde teke med seg og synte mellom anna fram Noahs ark med 18 tilhørande dyr som ho har strikka. Det tok henne eit halvt år.

- Eg har 50 prosent jobb og dette er min form for rekreasjon, sa Linda som har designar Allan Dart å takka for den strikka arken. Han har presentert oppskrifta i bladet Simply Knitting, som kjem ein gong i månaden.

Linda kan ellers opplysa at ho i høgaste grad er arveleg belasta – det har vore strikka intenst ned gjennom generasjonane. Sjølv har ho no halda på sidan ho var sju!

Vi har berre eitt spørsmål knytta til det vellukka arrangementet i Gamleskulen torsdag: Kor var mennene? Vi er heilt sikre på at det finst også mannlege strikkarar i Uskedalen!

Av Ola Matti Mathisen



To Beritar frå Døssland sørga for noko å bite ti. (Foto: Ola Matti Mathisen)